

## SØKNAD OM DISPENSASJON

### For tiltak på følgende eiendom

Gnr.	35	Bnr.	10	Fnr.:	
Adresse	Nævdalsvegen				
	5957 Myking				

### Søknaden sendes inn av

Namn tiltakshavar	Steinar Nævdal				
Adresse tiltakshavar	Burkhovdane 24, 5914 Isdakstø				
Kontaktperson	Bjørn Rune Kvinge				
Telefon	456 03 190	e-post-adresse	post@bekvinge.no		

### Vi søker om dispensasjon frå (sett kryss for det riktige)

<input checked="" type="checkbox"/>	Kommuneplanens arealdel
	Kommunedelplan for:
	Reguleringsplan (områdeplan, detaljplan, bebyggelseplan)
	Plan- og bygningslova (pbl)
	Byggteknisk forskrift (TEK17)
	Anna, beskriv:

### Vi søker om dispensasjon frå følgende krav i lov/forskrift

Vi søker dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen for (Alver) Lindås sine vilkår for bygging i LNF-områder. Punkt 5 i føresegner og retningslinjer.

### For å kunna byggja / utføra følgende tiltak

Redskapshus på ein skogteig der eigar tek ut skog og ved. Eignedomen er på 26 302,7 m<sup>2</sup>

**Vi søker om (sett kryss)**

X	Dispensasjon etter § 19-1 (permanent)	
	Dispensasjon etter § 19-3 (midlertidig)	fram til dato

**Grunngjeving for dispensasjonssøknaden**

Byggeforbod i LNF-området for anna enn tiltak for landbruket skal sikre at areal avsett til landbruk-natur-, og friluftsområde ikkje går tapt for det arealføremål det er avsett til.

Arealet der det er søkt løyvet til å oppføra reiskapshus er definert med føremål LNF utan eksisterande bustad eller driftsbygg og da utan høve til å bygga i eksisterande tun med føremål LNF-spreidd. Det må såleis søkjast dispensasjon for tiltak som ikkje er naudsynt for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag, jfr. Pbl §11-7 nr 5.

Tiltakshavar kjøpte 35/10 for sirka 25 år sidan. Fram til for 10 år sidan eigde tiltakshavar også 35/15 og 35/16. Da brukte tiltakshavar lòa på 35/16 som ved- og reiskapshus. Tiltakshavar selde 35/15 og 35/16 og sette da opp en midlertidig plashall for å lagre traktor og reiskap.


I tillegg til ein mindre plashall står det ein «garasje» på eigedomen i dag. Denne er i dårleg stand og er for liten til å dekkja behovet for å hyse reiskap og lagre trevirke/ved teke ut i skogen. Nytt reiskapshus er naudsynt for verksemda på denne eigedom. Plashall og garasje vert rive.

Det er ikkje eit nærings- eller bustadhus på tomten frå før som er krav for å kunna byggja uthus i dette LNF-området. Tiltakshavar meiner likevel at å oppføra eit reiskapshus på dette arealet ikkje set til side omsynet bak avgjerda om byggjeforbod for anna enn bygg for landbruk/gardsbasert næring. Eit reiskapshus som skal nyttast for å ta ut resursar av skog og ved på denne eigedomen er tett opp mot, om ikkje innafor den arealbruk arealet er avsett til.

Dette bygget vil ikkje være til noko ulempe i forhold til å kunna nytta arealet slik det skal etter kommuneplanen som landbruks, natur – og friluftsområdet.


Skal det være mogleg på tenleg vis å ta ut skog og ved frå eigedomen må det både nyttast reiskap som traktor og anna utstyr. Dette utstyret kan ikkje stå ute og det er også naudsynt å lagre ved og anna vyrke frå skogen. Fordelar for heimelshavar / tiltakshavar er store.

dato 03.03.23 signatur



 Steinar Nævdal  
tiltakshavar

dato signatur

 02.03.2023 

 Bjørn Rune Kvinge  
ansvarleg søkjar

---

## Vedlegg

Type vedlegg	datert	vedlagt	
Dispensasjonssøknad er ein del av søknad om tiltak og same vedlegg gjeld her			
Kvittering for nabovarsel		X	
Situasjonsplan		X	
Teikning		X	
Andre vedlegg			